

Protokoll frå ekstraordinært årsmøte i Årebrot Grendahus PL 12.12.2020 i Flora Alderssenter Havglytt.

Leiaren i partslaget Otto Ullevålseter ynskte vel møtt.

21 personar møtte der 18 hadde part og røysterett. Tre personar hadde ikkje røysterett. Sjå oversikt i sak 4.

Årsmøte handsama desse sakene:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen hadde innvendingar og innkalling og sakliste vart godkjent.

2. Val av ordstyrar og referent.

Otto Ullevålseter vart valt til ordstyrar.
Åsmund Berthelsen vart valt til referent.

3. Val av to til å skrive under møteprotokollen.

Håkon Årebrot og Nina Seljestokken vart valde.

Kontrollnemnda, Nina Seljestokken, Tone Seljestokken og Torbjørn Øvrebotten, blei valt til teljekorps.

4. Godkjenning av fullmakter og tal røyster

Otto Ullevålseter gjekk gjennom alle innkomne fullmakter, 32 i talet. Alle fullmaktene vart godkjende. Han opplyste at overdraging av partar måtte vere godkjent av styret.

Med fullmaktene var det tilsaman 50 røyster:

| | |
|-------------------------------------|-----------|
| Vidar Pedersen - 1 fullmakt | 2 røyster |
| Otto Ullevålseter - 4 fullmakter | 5 røyster |
| Britt Sunde | 1 røyst |
| Anne-Karin Årebrot | 1 røyst |
| Håkon Årebrot - 1 fullmakt | 2 røyster |
| Sigbjørn Holsen - 1 fullmakt | 2 røyster |
| Fridtjov Urdal | 1 røyst |
| Marit Brandsøy - 8 fullmakter | 9 røyster |
| Torleif Seljestokken - 2 fullmakter | 3 røyster |
| Ingrid Seljestokken | 1 røyst |
| Eivind Gulestøl - 5 fullmakter | 6 røyster |
| Ove Tviberg - 4 fullmakter | 5 røyster |
| Øystein Faye - 1 fullmakt | 2 røyster |
| Jostein Skår | 1 røyst |
| Torbjørn Øvrebotten | 1 røyst |
| Tone Seljestokken | 1 røyst |

Rune Nordbotten - 3 fullmakter 4 røyster
Nina Seljestokken - 2 fullmakter 3 røyster

Jaqueline Mannaart, Steinar Øvrebotten og Åsmund Berthelsen deltok på møte utan røysterett.

Otto Ullevålseter refererte til paragraf 15 i vedtektene, om oppløysing skal vedtakast må minst 2/3 av partseigarane møte fram og minst 2/3 av dei røyste for oppløysing.

Det er registrert 76 partseigarar pr. dags dato. Det vil seie at det manglar 1 stemme for at årsmøtet utgjer 2/3 av partseigarane på dette årsmøte. Dersom styret sitt framlegg får 2/3 fleirtal, må derfor vedtaket takast opp på nytt i eit påfølgjande årsmøte med same 2/3 fleirtal, for å vere gyldig.

Eit nytt årsmøte tek ein sikte på å halde etter at Botnane og Årebrot grendalag har gjort vedtak om overtaking på sitt årsmøte.

4. Etter vedtak på ordinært årsmøte 7.mars har styret utarbeidd forslag til vedtak om opphøyr av partslaget.

Ullevålseter orienterte om bakgrunnen for at partslaget måtte endre organisasjonsform som det også er informert om i innkallinga til det ekstraordinære årsmøtet. Partslag er ute som organisasjonsform og laget får ikkje organisasjonsnummer og heller ikkje oppretta bankkonto som no må stå på privatperson.

For fem år sidan vart det inngått avtale med Botnane og Årebrot grendalag om drifta. Grendalaget oppretta eigen konto for drift og vedlikehald av huset og har ført eige rekneskap. Avtala går ut ved nyttår, men det er avtala forlenging i minst to år.

Ullevålseter gjekk gjennom og refererte framlegg til vedtak frå styret:

1. Årebrot Grendahus PL blir oppløyst.
2. Eigedommen Gnr. 11 Bnr 31 med dei tilhøyrande hus, installasjonar og avtalar overdragast til Botnane og Årebrot grendelag org.nr. 991 604 383. Årsmøte føreset at huset skal vere eigen driftseining og ha eige rekneskap og eigedomsoversikt for framtida og skal kunne skiljast ut dersom BÅG blir oppløyst. Overføringa av eigedommen blir å gjennomføre når BÅG har godkjent overtaking på sitt årsmøte
3. Innløysing av partar:

Alt 1 Eit fleirtal er for at det skal utbetalast pålydande kr. 100,- pr. part til alle partseigarane og at resten av kontantbeholdninga på konto 3775. 65.63573, skal overførast til BÅG sin konto for drift av Årebrot Grendahus etter at alle utgifter til tinglysing og anna utgifter i forbindelse med overtakinga er gjennomført.

Alt 2 Eit mindretal meiner med bakgrunn i Samvirkelova at resten av kontantane på konto 3775. 65.63573 som er att etter at alle utgifter til tinglysing og anna utgifter i

forbindelse med overtakinga er gjennomfør, skal fordelast til gjenlevande partseigarane etter kor mange partar kvar har.

4. Innestående på Partslaget sin konto etter utbetaling til partseigarane og utgifter til overdraging av eigedommen og avvikling, overførast til Botnane og Årebrot grendalag sin konto for drift av Årebrot Grendahus.
5. Årsmøtet gir Partslaget sitt styre fullmakt til å gjennomføre årsmøtevedtaket og å avvikle Årebrot Grendahus PL.
6. Fullmakt til å underteikne dei formelle dokumenta som trengs i samband med overdraginga, blir gjeve til leiar i styret for Årebrot Grendahus og ein person som årsmøte vel.

Det vart røysta over alternativ 1 og alternativ 2 i pkt 3 då det berre var på det punktet at det var eit fleirtal og eit mindretal i styret.

Det vart delt ut rett tal røystesetlar til partane som var representert på møtet. Røystesetlane vart samla inn, og det valde teljekorpset talde opp.

Resultatet vart at alternativ 1 fekk 46 røyster og alternativ 2 fekk 4 røyster.

Det kom ikkje innvendingar og avrøystinga vart godkjent.

Årsmøte gjorde såleis følgjande vedtak:

1. Årebrot Grendahus PL blir oppløyst.
2. Eigedommen Gnr. 11 Bnr 31 med dei tilhøyrande hus, installasjonar og avtalar overdragast til Botnane og Årebrot grendelag org.nr. 991 604 383. Årsmøte føreset at huset skal vere eigen driftseining og ha eige rekneskap og eigedomsoversikt for framtida og skal kunne skiljast ut dersom BÅG blir oppløyst. Overføringa av eigedommen blir å gjennomføre når BÅG har godkjent overtaking på sitt årsmøte.

3. Innløysing av partar:

Det skal utbetalast pålydande kr. 100,- pr. part til alle partseigarane og resten av kontantbeholdninga på konto 3775. 65.63573, skal overførast til BÅG sin konto for drift av Årebrot Grendahus etter at alle utgifter til tinglysing og anna utgifter i forbindelse med overtakinga er gjennomført.

4. Innestående på Partslaget sin konto etter utbetaling til partseigarane og utgifter til overdraging av eigedommen og avvikling, overførast til Botnane og Årebrot grendalag sin konto for drift av Årebrot Grendahus.

5. Årsmøtet gir Partslaget sitt styre fullmakt til å gjennomføre årsmøtevedtaket og å avvikle Årebrot Grendahus PL.
6. Fullmakt til å underteikne dei formelle dokumenta som trengs i samband med overdraginga, blir gjeve til leiar i styret for Årebrot Grendahus og ein person som årsmøte vel.

5. Val av person til å underteikne dokument

Etter punkt 6 i vedtaket skal årsmøte velje ein person som får fullmakt til å skrive under dei formelle dokumenta som trengs i samband med overdraginga saman med leiar i styret i Botnane og Årebrot grendalag.

Ullevålseter gjorde framlegg om Torbjørn Øvrebotten.

Det kom ikkje andre framlegg og Øvrebotten vart valt.

Avslutning:

Ullevålseter avslutta møte med å seie at hans intensjon hadde vore å få ei løysing som ikkje førte til stridigheter og at ein måtte vere nøgd med at det gjekk bra.


Han opplyste at det vil bli kalla inn til årsmøte etter at Botnane og Årebrot grendalag har hatt sitt årsmøte den 6.mars 2021. Etter eit positivt vedtak på neste årsmøte, vil ein skrive til partseigarane med tilbod om utbetaling av partanes pålydande kr 100 og be om kontonummer for utbetaling.

Han takka for frammøte og avslutta møtet.

14. desember 2012

Protokollen er godkjent

Håkon Årebrot



7

Nina Seljestokken

